



Norconsult AS v/Ragne Rommetveit
Postboks 1199
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1661 - 15/4969

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
04.03.2015

Gbnr.202/1 Hjelmås. Løyve til å dele frå parsell nr.10 i samsvar med reguleringsplan.

Eigedom: Gnr.202 bnr.1 Hjelmås
Adresse for eiged.: Hjelmåsen 40, 5915 Hjelmås
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Kjell Oddmund Kålås
Søker: Norconsult AS v/Ragne Rommetveit

Saka gjeld:

I sak 010/15 godkjende kommunestyret reguleringsplan for Apalen Sør. Det er to grunneigarar i dette feltet – 202/1 og 202/4.

Det vert no søkt om å få dele frå den delen av dei regulerte utbyggingsområda i feltet som høyrer til 202/1. Søknaden omfattar i alt 9 parsellar nummerert frå 1 til 8 og i tillegg parsell 10, som er vegparsell. I søknaden er arealet for denne parsellen sett til 20286m². Rett storleik er 10286m².

Samla areal for parsellane er 24676m².

I det løyvet som vert handsama her, er det parsell 10 som vert delt frå. Arealet er 10286m² og omfattar felles vegareal i gbnr.202/1 sin del av regulert område, samt areal sett av til leik og vegetasjonsskjerm i den same delen av regulert område.

Dei øvrige parsellane er handsama i separate saker.

Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket ligg i område Apalen Sør. Reguleringsplanen med plan-id 1263.200809 er nyleg godkjend. Området er regulert til føremålet, dispensasjon er ikkje naudsynt. Gbnr.202/1 er landbruk, men deling er i samsvar med godkjend reguleringsplan, og vurdering i høve jordlova §12, er ikkje naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Tilkomst, vassforsyning og avløp vert løyst i samsvar med reguleringsplanen.

Nabovarsel:

Det er sendt nabovarsel, og ingen har komme med merknad.



VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå parsell 10 i regulert område Apalen Sør. Parsellen har eit areal på 10286m² og er merka på kart «1:2500 Søknad om frådelling Apalen Sør, Norconsult 5125036.»

Arealet skal nyttast i samsvar med reguleringsplan.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld deling i samsvar med godkjend reguleringsplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan kr.3400,-

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Norconsult AS v/Ragne Rommetveit Postboks 1199 5811

BERGEN